



[Mottakernavn]  
[Adresse]  
[Postnr] [Poststed]  
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon

Halvor Røssum, 5764 3144

## Høring av frivillig skogvern for Vestreim naturreservat i Sogndal kommune

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Vestreim i Sogndal kommune. Du er velkommen til å sende innspel i høyringsfasen innan 19.02.2023.

Tilbodsområdet er lokalisert på gards- og bruksnummer 94/1 i Sogndal kommune. Arealet er eigd av ein privat grunneigar som har signert tilbod om vern av eigedomen som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Vår kontakt med grunneigaren har gått gjennom skogeigarsamvirket AT skog.

Til saman dekker området om lag 3148 dekar. Av dette utgjør 2367 dekar skog, derav 2196 dekar produktiv skog. I gjeldande kommuneplan er området regulert til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNFR).

### Bakgrunn

Å verne eit representativt utval av naturtypene i skog for kommande generasjonar er eit nasjonalt miljømål. Stortinget har gjennom stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtatt at 10 prosent av skogarealet i landet skal vere verna. Dette målet har vi ikkje nådd enda, korkje i Noreg eller i Vestland fylke. I Noreg er no om lag 5 prosent av skogarealet verna. I Vestland har vi om lag 3 prosent skogvern. I stortingsmeldinga vert skogvern framheva som eit tiltak som kan gi ei sterk positiv effekt på mange truga artar i Noreg.

Ein stor del av artsmangfaldet i Noreg finn vi i skogen. Samstundes veit vi at den største trugselen for artsmangfald er tap av areal. Å verne skog mot fysiske inngrep som hogst og utbygging er difor eit av dei viktigaste verkemiddela vi har for å ta vare på naturmangfaldet vårt. Ordninga med frivillig skogvern skal sikre at og privateigd skog kan bli verna. Gjennom denne ordninga kan grunneigarar som ønskjer det tilby staten varig vern av eigen skog, mot økonomisk kompensasjon.



## Verneverdiar

Tilbudsområdet vart i 2020 kartlagt av firmaet Rådgivende Biologer. Verneområdet ligg i ei sørvendt li, og høgdenivået varierer frå 500 til 900 meter over havet. Dei ulike delane av verneområdet er kjenneteikna av ulike skogtypar. Lengst nord i dei høgstliggande områda finn ein gamal boreal lauvskog med enkelte furutre. Lenger sør er det gamal og skrinn heifuruskog, medan dei sørlegaste og lågaste områda er dominert av gammal furuskog med høg bonitet. Skogområde med høg bonitet er mangelfullt dekkja av skogvernet, og er difor særleg interessante for vern.

Dei viktigaste naturverdiane i området er knytt til den gamle furuskogen. Denne naturtypen er registrert i nedre delar av tilbudsområdet, ved Vestreimstølen. Området har gjennomgåande god tilstand og er prega av lite hogst. Tresjiktet er dominert av furu, men det er og ein del innslag av bjørk, og noko rogn og gråor. Det er i tillegg enkelte ospebestandar.

Skogen har både eldre og yngre tre. Det er og registrert noko daud ved, både ståande og liggande. Det er så langt berre påvist eit par raudlista artar i området, men Rådgivande Biologer vurderer at det er potensiale for nye funn, særleg knytt til daud ved.

Det føreslegne verneområdet ligg på det minste berre 400 meter vest for Breisete naturreservat, og fire kilometer vest for Luster Almenning naturreservat. Tilbudsområdet vil difor bli ein del av, og styrke, eit eksisterande økologisk nettverk av liknande naturtypar. Når verna område heng saman på denne måten minskar ein sjansen for at artane ein finn der blir borte frå området. Dette gir ein betydeleg ekstraverdi til naturreservatet, i eit område som elles er prega av skogsveggar og aktivitet.

## Heimelsgrunnlag

Vern av naturområde skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for ulike vernekategoriar. Vi vurderer at det er mest aktuelt å verne området som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37, som er den strengaste verneforma.

## Konsekvensar av vernet

Ei verneform som sikrar tilbudsområdet mot fysiske inngrep vil føre til restriksjonar for bruken av området. I utgangspunktet vil det ikkje vere lov med aktivitetar og nye anlegg som kan påverke verneverdiane i området. Dette omfattar mellom anna hogst, vegbygging og nye kraftliner, ettersom ein viktig del av verneformålet i dette tilfellet vil vere å ta vare på skogsnatur i så upåverka tilstand som mogleg. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk, beiting, og vedlikehald av eksisterande installasjonar vil ikkje bli påverka av vernet.

## Brukarinteresser

Tilbudsområdet blir nytta til beiting. Denne aktiviteten vil kunne halde fram også etter eit eventuelt vernevedtak. Utsetting av saltstein vil vere lovleg. Forslaget til verneforskrift opnar og for naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke eller skadde bufe. Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til oppsetting av gjerde i samband med beiting.

I Svartedalen, nordaust i tilbudsområdet, har det tidlegare vore stølsdrift. Husa på stølen står ikkje lenger, og berre gamle steinmurar står att som kulturminne på stølsvollen. Dette området er etter grunneigar sitt ønskje ikkje inkludert i tilbudsområdet. Her strekkjer det seg ein traktorveg om lag 200 meter inn i tilbudsområdet frå aust. Vegen ender på ein snuplass om lag 100 meter frå stølen. Næraste snuplass ligg 800 meter lenger ned i vegen. Motorisert ferdsle på den delen av traktorvegen som går utanfor verneområdegrensene er regulert av motorferdslelova. Reglane for motorferdsel på vegstubben inne i verneområdet vil difor i praksis påverke bruken av den delen av vegen som ikkje



ligg i verneområdet, fordi ein må bruke snuplassen inne i verneområdet for å snu. Av praktiske grunnar opnar difor verneforskrifta for naudsynt motorferdsle i samband med jordbruks- og landbruksnæring på den delen av traktorvegen som er inne i naturreservatet, i samsvar med reglane i motorferdslelova. Dette vil vere av mindre betydning for verneverdiane i området, då det berre er naudsynt ferdslø på eit lite strekk av ein allereie opparbeidd traktorveg som vil vere lov. På denne traktorvegen opnar og verneforskrifta for riding og sykling.

I vest grenser delar av tilbodsområdet mot ein teig som ligg under gards- og bruksnummer 94/26. Det er ei avtale mellom eigar av denne naboteigen og grunneigaren av tilbodsområdet om at eigar av 94/26 kan køyre ut tømmer over tilbodsområdet, mot området som heiter Grautafatet ved Vestreimstølen. Om ein køyrar kortaste veg vil om lag 400 meter av ein slik køyretasé gå gjennom det føreslegne verneområdet. For å sikre at ferdsele ikkje gjer skade på naturverdiane bør den skje på vinterstid, og ikkje med tyngre køyretøy enn traktor. Difor opnar den føreslegne verneforskrifta § 7 m for at ein kan søkje om naudsynt transport av tømmer felt på eigedom 94/26 til næraste traktorveg, om det skjer på snødekt eller frosen mark. Vernestyresmaktene og søkjar kan då gjennom dialog kome fram til korleis ein kan gjennomføre den naudsynte køyringa slik at den påverkar verneverdiane i minst mogleg grad.

Jakt, og særleg hjortejakt, utgjer ein viktig del av bruken av tilbodsområdet. Jakt blir regulert etter andre lovverk, og vil ikkje bli påverka av verneforskrifta utover det å ta omsyn til naturverdiane i området. Forslaget til verneforskrift opnar for forsiktig rydding av småbusker og kvist under 5 cm diameter i etablerte siktelinjer i samband med storviltjakt. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt vil òg vere lov. Det same vil utkøyring av felt hjort (og elg) med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget. Det står ein gapahuk i området som mellom anna blir nytta som jaktbu. Denne vil kunne vedlikehaldas som tidlegare, slik at tilstanden er i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.

Vi har fått opplysningar om ei eldre jaktbu i området. Etter forskrifta vil det vere mogleg å vedlikehalde denne bua.

Det er også funne eit par kokegroper i området. Kulturminne som dette vil kunne bli sett i stand i samråd med kulturminnemyndigheit og løyve frå kulturminnestyresmakta.

Det er ein del dyretrakk i området, men ingen etablerte eller merka turstiar. Dette avgrensar naturleg ferdsle i området, og gjer at området er mindre brukt til denne type friluftsliv.

Sogn Terrengsykkel skriv i sitt innspel til oppstartsmeldinga at det er noko sykkelaktivitet i området til trass for at området er lite tilgjengeleg for syklistar. Forslaget til verneforskrift opnar berre for at det skal vere lov å sykle på traktorvegen som går inn mot stølen nordaust i området (sjå framlegg til vernekart). Fleire detaljar knytt til temaet finn ein i vår kommentar til Sogn Terrengsykkel sitt innspel til oppstartsmeldinga (sjå under).

I nordaustlege deler av tilbodsområdet går det ei 66 kV kraftline, som det kan vere aktuelt å oppgradere i framtida. I tillegg er det aktuelt å etablere ei reserveinnmating til Kaupanger for å sikre forsyningstryggleiken, der eit av trasé-alternativa går gjennom det føreslegne naturreservatet. Kraftlinja i dag har ein strekning på om lag 840 meter gjennom føreslått verneområde, derav om lag 550 meter som meir eller mindre går gjennom skogkledd areal. I vår kommentar til Sygnir AS sitt innspel til oppstartsmeldinga er dei moglege framtidige behova for reinvestering i noverande kraftline og reserveinnmating omtala meir grundig (sjå under).



Det er ikkje registrert mineral- eller vasskraftressursar innanfor dei føreslegne vernegrensene.

### **Innspel til oppstartsmeldinga**

Vi meldte oppstart av vernearbeidet 22. september 2021. Innan fristen 4. november 2021 kom det inn 10 uttalar. To av desse, Sygnir AS og Sogn Terrengsykkel hadde konkrete merknadar til verneframlegget.

Sygnir AS (tidlegare Sognekraft Nett AS) uttalar 3. november 2021 at dei har ei 66 kV kraftline Årøy-Kaupanger som går gjennom forslaget til verneområde. I framtida vil det vere behov for reinvestering av den eksisterande lina, dvs. at kraftlina som er der i dag vert erstatta med ei ny line med høgare driftsspenning (132 kV). Sygnir skriv at dei ikkje kan etablere denne lina i eksisterande linetrasé, men at den må leggast parallelt med den som står der i dag.

I tillegg vert det no gjennomført ei nettutgreiing om framtidig forsterka forsyningstryggleik til Kaupanger via reserveinnmating. Sygnir vurderer i hovudsak to alternativ til slik reserveinnmating. Eitt av alternativa er å etablere ei line til slik at det går to parallelle liner Årøy-Kaupanger, og dermed og to parallelle liner gjennom det føreslegne verneområdet. Av omsyn til venta utvikling og behov for nye kraftliner, som enno ikkje er detaljprosjektert, ønskjer Sygnir at det vert sett av ei kraftgate innanfor verneområdet som samla har breidde på 100 m.

På grunn av behov knytt til forsvarleg drift av nettanlegget har Sygnir merknader til verneforskrifta §3 a og c. Det vil vere omfattande anleggsaktivitet langs linjestrekninga dersom det skal etablerast ny linje, og derfor må desse vernereglane ikkje vere til hinder for slikt arbeid. Vidare poengterer Sygnir at dei generelle unntaka frå vernereglane i § 4 e og f, som omhandlar unntak frå vernereglane for drift og vedlikehald, og oppgradering av kraftledingar, også må innebere drift med høg aktivitet og større inngrep dersom utbygging av kraftlinje skal kunne gjennomførast.

I samband med ordinær drift og vedlikehald av nettanlegg vil motorisert ferdsel, både med køyretøy og helikopter, vere nødvendig. Det gjeld også utanfor eksisterande vegar. Dette behovet vert større ved utbygging som nemnt ovanfor, og Sygnir meiner at verneforskrifta ikkje tek godt nok omsyn til nettselskapa sine behov for ferdsle i § 5.

Sygnir AS uttalar også at unntaket i verneforskriftas § 6 d ikkje omfattar nødvendig drift og vedlikehald i tillegg til feilretting ved utfall. Behov for innrapportering i etterkant av nødvendig ferdsle meiner dei er omfattande og lite praktisk og hensiktsmessig.

Vidare peikar Sygnir AS på at felling av tre nær nettanlegg og kraftgate ser ut til å bli søknadspliktig gjennom verneforskrifta § 7 f og h, men meiner at det må vere ei generell opning for denne aktiviteten. Motorferdsle knytt til same tema gjev ikkje tilstrekkeleg fleksibilitet og handlingsrom for å ivareta pålagde oppgåver i samsvar med anleggskonsesjonen.

#### *Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Slik vi forstår Sygnir AS vil det i framtida vere aktuelt å erstatte eksisterande 66 kV line med ei ny 132 kV line som går parallelt med lina som er her i dag. Den nye lina må byggjast før eksisterande line vert rive. Det er enno ikkje avklart om det i tillegg er aktuelt med ei reserve 132 kV line parallelt med eksisterande line, eller om ein vil kunne nytte ein annan trase utanfor føreslege naturreservat. Kva løysing ein konkluderer med vil også avgjere korleis dette må handterast i høve eit etablert naturreservat og tilhøyrande vernereglar. I denne handteringa vil det vere sentralt å avgjere om ein



kan rekne tiltaket som ei *oppgradering/fornyning* av noverande kraftline, eller om det må reknast som eit *nytt tiltak*.

I framlegget til verneforskrift er det i § 4 f eit generelt unntak for «Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skader verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.» Dette gjeld til dømes oppgradering som ikkje inneber behov for master med ny utforming og skifte av leidningane. Ei oppgradering/fornyning som inneber at ein må etablere ein heilt ny linetrasè parallelt med eksisterande kraftline vil *ikkje* gå under det generelle unntaket i § 4 f.

Forslaget til verneforskrift § 7 j opnar for at forvaltningsmyndigheita etter søknad kan gi dispensasjon til *oppgradering og fornying* av kraftleidningar som ikkje faller inn under det generelle unntaket i § 4 f. For at eit tiltak skal reknast som oppgradering/fornyning av eksisterande kraftline må mellom anna tiltaket ligge innanfor rammene av noverande konsesjon. I tidlegare vurderingar gjort av Klima- og miljødepartementet har det vorte slått fast at oppgradering/fornyning i nokre tilfelle kan innebere bygging parallelt med eksisterande kraftleidning. Vi har forståing for at Sygnir ikkje kan rive eksisterande kraftline før den nye er i drift dersom dette leidningsnettet må vere i drift i anleggstida. Vi legg til grunn at bygging av ei ny kraftlinje på 132 kV i staden for 66 kV, som også vil innebere nye og større master i parallell trasé med den noverande, kan handsamast etter § 7 j i verneforskrifta dersom tiltaket ligg innanfor rammene av noverande konsesjon.

Dette er likevel noko som ikkje kan bli vurdert før ein eventuell dispensasjonssøknad er klar. Ein eventuell dispensasjon for ei ny parallell kraftlinje etter verneforskrifta si § 7 j vil kunne gis med særskilte vilkår, der forvaltningsmyndigheita kan setje krav til korleis ein skal ta omsyn til naturmiljøet både før, under og etter gjennomføringa av anleggsarbeidet. Breidda på kraftgata vil vere ein del av dispensasjonsvurderinga.

Å etablere ei ny kraftline gjennom området (etablering av reserveinnmating til Kaupanger) kan ein ikkje rekne som ei oppgradering/fornyning av noverande kraftline. Dette er eit nytt tiltak, og det vil difor ikkje vere heimel i verneforskrifta for å gi løyve til å gjennomføre tiltaket. Sygnir peiker på at det er to aktuelle alternativ for å etablere reserveinnmatinga, der berre den eine vil påverke det føreslegne verneområdet. I den vidare prosessen med reserveinnmating til Kaupanger ber vi Sygnir vurdere alternative trasear enn gjennom Vestreim. Vi kan såleis ikkje gå inn for å setje av ei 100 meter brei kraftlinegate no på førehand, utan at alle andre alternative trasear er utelukka.

Om andre alternativ ikkje er aktuelle, må Sygnir eventuelt søkje om å byggje kraftlinje nr. 2 (parallelt med dagens kraftlinetrasé) etter den generelle dispensasjonsbestemmelsen i naturmangfaldlova § 48. For å kunne gje løyve etter denne paragrafen er det nødvendig at eitt av følgjande to vilkår er oppfylt: 1) at tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller 2) at vesentlege samfunnsinteresser gjer tiltaket nødvendig. Breidda på kraftlinegata vil vere ein del av vurderinga ved ein søknad. Terskelen for å gi løyve etter § 48 er høg. Vi rår til at Sygnir AS tek kontakt med Statsforvaltaren for å drøfte dei to planlagde tiltaka, slik at vi kan ha ein føreseieleg prosess på dette.

Innrapportering i etterkant av akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg etter verneforskrifta § 6 d, kan gjerast enkelt ved innsending av e-post med kartskisse over køyretrase. Vi meiner ei slik rapportering både er nødvendig og rimeleg i eit naturreservat som utgjer den strengaste verneforma for naturmangfald.



Medan det vil vere opning for motorisert ferdsle i tilfelle av akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande kraftanlegg etter verneforskriftas § 6 d, vil motorferdsle ved ordinær drift vere søknadspliktig etter verneforskrifta § 7 h. Det er fordi ein reknar at det ved ordinær drift med planlagde aktivetar vil vere tid til å søkje og ha dialog med vernestyresmakta om korleis dette arbeidet kan gjerast med minst mogleg påverknad på naturverdiane i verneområdet. Å rydde kraftgata er innafør opninga i «drift og vedlikehald» i verneforskrifta § 4 e, og er såleis ikkje søknadspliktig. Vi reknar med at Sygnir og framtidig forvaltningsmyndigheit vil legge opp til smidige prosessar og dialog.

Sogn Terrengsyssel skriv i uttale av 3. november 2021 og 4. november 2021 at det er låg sykkelaktivitet i det føreslegne verneområdet samanlikna med andre område i Kaupanger. Dei legg ved kart frå Strava som viser at det er registrert noko sykkelaktivitet heilt vest i nedre del av området, vest for Vestreimstølen. Generelt ønskjer Sogn Terrengsyssel at det berre skal vere forbod mot å sykle i naturreservat og andre verneområde i tilfelle der ein må ta omsyn til spesielle verneverdiar. Dei ber om at dei stipla linene på Naturbase sitt kart over området blir teikna inn som stiar i vernekartet, og at verneforskrifta opnar for sykling på desse.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Statsforvaltaren set pris på informasjonen om sykkelaktivitet i området. Sykkelaktiviteten i området avgrensar seg til to trasear i det sørvestlege hjørnet av verneområdet. Den eine traseen går gjennom verneområdet i om lag 400 meter, den andre traseen går gjennom verneområdet i om lag 100 meter. Den lengste traseen er teikna inn som stipla line på kartframstillinga som låg ved oppstartsmeldinga.

Standard forskrift for oppretting av naturreservat etter retningsliner frå Klima- og miljødepartementet (KLD) er at det er lov å sykle på stiar som vert vist på vernekartet. Dette er til vanleg dei stiane som blir vist på turkart, noko som også er i tråd med praksis frå tidlegare verneprosessar i området. I forslaget til verneforskrift § 5 b heiter det at «Utanom eksisterande traktorvegar og stiar, avmerkt på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode.».

Dei to traseane Sogn Terrengsyssel visar til er ikkje teikna inn på turkart over området, men ber preg av dyretrakk som endar i «ingenting», dvs. at dei etter kvart vert borte også i terrenget. Vi har vore på synfaring langs desse stiane i området og fått stadfesta at kartet og terrenget stemmar. På turkart er det berre traktorvegen som går inn mot støsområdet i nord-austre delar av verneområdet som er teikna inn. På vernekartet vil det komme tydeleg fram at det her er lov med sykling og riding.

På grunnkartet som er brukt i Miljødirektoratet sin Naturbase, er det teikna inn fleire stipla liner i sørvestlege delar av verneområdet. Fleire av desse ber preg av å vere lite brukt, og ein må difor sjå på nokre av desse som dyretrakk heller enn stiar. Desse stiane/dyretrakka heng ikkje saman med andre turstiar i området og blir gradvis borte i skogen slik at dei ikkje er ein del av eit (større) nettverk av stiar. Om ein opnar for sykling her vil det kunne føre til ei større bruk av stiane/dyretrakka i framtida. Dette kan medføre slitasje og skade i terrenget, og at stiane får ein annan tilstand enn dei hadde på vernetidspunktet. Dette er ikkje ønskjeleg, og heller ikkje i tråd med retningslinene for naturreservat som er gitt i naturmangfaldlova § 37.

I tillegg er dei sørvestlege delane av verneområdet, der ein finn stiane som er teikna inn på Naturbase sitt kart, av områda med ein del daud ved og vindfall på bakken. Om ein opnar for vedlikehald av stiane/dyretrakka i dette området kan det føre til at ein ryddar bort noko av det



daude trevirket. Det er ønskeleg å unngå dette, då det er potensiale for å finne truga artar knytt til den daude veden i området.

Statsforvaltaren meiner difor at det ikkje er grunnlag for å teikne stiane og trakka inn i vernekartet som er vist på kartgrunnlaget i Naturbase. Dette inneber at det ikkje vil vere lov å sykle på dei stiane der det i dag er noko sykkelaktivitet. Vi oppfattar det likevel slik at sti-syklistar framleis vil ha tilgang til andre, meir attraktive, stiar i området rundt Kaupanger, og at vi difor kan vekte verneverdiane tyngre enn sykkelinteressene i denne konkrete vurderinga.

Riksantikvaren viser til at det er Vestland Fylkeskommune, som og er på høyringslista, som er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker. Difor handsamar ikkje Riksantikvaren saka vidare.

Statnett har ingen elektriske anlegg eller planar som kjem i konflikt med verneplanarbeidet, og har difor ingen merknadar.

Landbruksdirektoratet ber i ei generell uttale om at landbruksinteressene i tilbodsområdet, slik som beite, skogsbilveggar og stølar, blir tekne omsyn til.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi vurderer at landbruksinteressene i tilbodsområdet har vorte tekne godt vare på gjennom dialogen med grunneigar.

Forsvarsbygg registrerer at dei generelle unntaka frå ferdselsreglane inkluderer omsynet til militær operativ verksemd og landing og start med Forsvarets luftfartøy, og har ingen ytterlegare merknader til verneframlegget.

Språkrådet finn det tilrådeleg å la det eventuelt nye verneområdet få namnet Vestreim naturreservat.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi vil nytte Vestreim naturreservat som namn i den vidare verneprosessen.

Direktoratet for mineralforvaltning kan ikkje sjå at den føreslegne planen kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift, og har difor ingen merknader til varsel om oppstart av vernearbeidet.

Statens vegvesen kan ikkje sjå at skogvern i området vil komme i konflikt med deira interesser, og har difor ingen merknadar.

Noregs vassdrags- og energidirektorat har ingen merknadar i saka.

### **Innspel og vidare framdrift**

Det er ønskeleg med innspel på det frivillige skogvernet slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg vil Statsforvaltaren vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding om vern til Miljødirektoratet.



Informasjon om naturkvalitetane i området, kartavgrensinga og verneforskrift finn du og på nettstaden vår. Send innspel per e-post til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no), eller med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.

**Frist for å kome med innspel er 19.02.2023**

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonsleiar

Halvor Røssum  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Framlegg til verneforskrift Vestreim i Sogndal
- 2 Framlegg til vernekart Vestreim i Sogndal





## Mottakerliste:

Sogndal og Leikanger Bonde- og Småbrukarlag v/Olav Nesse Sogndal Bondelag v/Magne Selseng			
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD SOGN OG FJORDANE	Stardalen 700	6843	SKEI I JØLSTER
BRATT MORO AS	Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
SOGNDAL TURLAG	Helgheimsvegen 14	6856	SOGNDAL
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
SOGN OG FJORDANE TURLAG	Storgata 1	6993	HØYANGER
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Kommunal- og distriktsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ
NORSK ORNITOLOGISK FORENING AVDELING SOGN OG FJORDANE	v/Nils Christian Bjørge Sandvik Gard	6926	KRAKHELLA
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
SOGN OG FJORDANE ENERGI AS	Sørstrandsvegen 227	6823	SANDANE
SYGNIR AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
SOGNDAL IDRETTSLAG	Postboks 164	6856	SOGNDAL
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN



Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
SOGN TERRENGSYKKEL	c/o Petter Andreas Strøm Kleivane 27	6856	SOGNDAL
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Rune Nornes Valeberg	Mannhellervegen 548	6854	KAUPANGER
KAUPANGER HOVEDGÅRD NILS JOACHIM KNAGENHJELM	Kaupanger Hovedgård Jektestrondi 2	6854	KAUPANGER
VISIT SOGNEFJORD AS	Fosshaugane Campus Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
SOGN OG FJORDANE TURLAG	Storgata 1	6993	HØYANGER
SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Marit Randi Milde Angedalsvegen 639	6811	FØRDE
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Sabima	Mariboegate 8	0183	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Anders Selseng	Vestreimsvegen 5	6854	KAUPANGER
KVINNHERRAD ENERGI AS	Skålagato 50	5470	ROSENDAL



Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
AT Skog SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
SOGNDAL JEGER- OG SPORTFISKARLAG	Postboks 30	6851	SOGNDAL
KAUPANGER IDRETTSLAG	Kaupanger idrettslag Postboks 30	6854	KAUPANGER
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Magne Bruland Selseng	Skogavegen 88	6854	Kaupanger
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
NTNU VITENSKAPSMUSEET	Erling Skakkes gate 47	7491	TRONDHEIM
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO